

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og A fram slik protokollmerknad:

"SV og Ap meiner at det ikkje må koma auke i denne næringa før ein har fått kontroll med:

1. genetisk påverknad og rømming
2. forureining og utslepp, 3. sjukdom og parasittar
4. arealbruk, 5. forressursar, 6. tropisk yngel, 7. id-merking

Det kan best gjerast med å på sikt å krevja produksjonen inn i lukka anlegg og ikkje auke i biomassen, triploid yngel og id merking."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er grunnleggjande einig i framstillinga av vekst- og berekraftsutfordringane i høyningsnotatet, og meiner forslaga er relevante for å fremje ei meir robust, føreseieleg og miljøriktig forvaltning og teknologi.
2. Hordaland fylkeskommune står forslaget om å styre vekst etter handlingsreglar basert på miljøindikatorar, og at ein startar med å nytte lakselus og utslepp på områdenivå som berekraftsindikatorar. Samstundes ber ein om at fagetataane sin oppfølging av eksisterande lokalitetsavhengige miljøindikatorar vert styrkt.
3. Hordaland har erfaring med fleire forslag om kollektiv reduksjon av produksjon i Hardanger/- Sunnhordland. I praksis er dette særskilt vanskeleg å gjennomføre, og denne kunnskapen må takast med i det vidare i arbeidet.
4. Hordaland fylkeskommune står forslaget om å oppheve bindinga for løyva til Fiskeridirektoratet sine administrative grenser og erstatta dette med binding til meir funksjonelle produksjonsområde. Fylkeskommunen må vera delaktig i prosessane for oppretting av produksjonsområda.
5. Hordaland fylkeskommune ynskjer at meldinga til Stortinget i større grad skal vurdere effekten og konsekvensar av lukka oppdrettssystem. Løysingane kan bidra innan alle berekraftsutfordringane som vert trekte opp i høyningsnotatet.